

Søknad om tilskot til skjøtsel og tilrettelegging gjennom BARK - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner

1	Tiltakshavar / søkjær	Org. nr./person nr.
	Radøy kommune og Austrheim kommune	954 748 634 og 948 350 823
	Post / e-post	Telefonnr.
	Radøyvegen 1690, 5936 Manger og Sætremarka 2, 5943 Austrheim 	56349000 og 56162000
2	Kulturminne-ID i Askeladden (for alle lokalitetar og enkeltminne)	gnr., bnr.
	Sjå vedlagt liste	Sjå vedlagte lister
	Gardsnamn	Kommune
	Straume, Hopland og Litlelindås	Radøy og Austrheim
3	Namn på eigar (ved fleire eigarar, spesifiser under "andre opplysningar")	Telefonnr.
	Sjå vedlegg.	
	Post / e-post	
4	Søknadssum (overført frå side 4, finansieringsplan)	
	110000	
5	Skildring av prosjektet	
	<p>Kulturminnetype og tilstand (røys, haug, m.m., tilgrodd, erosjonsskade, m.m.)</p> <p>"Tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i Hordaland. Rapport til Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne BARK" har følgjande info: "Fosnstraumen er eit sund som ligg mellom Radøy og Austrheim kommune, og kommunane vert knytt saman av ei bru som kryssar sundet. Her er registrert eit svært stort tal steinalderlokalitetar på begge sider, og nokre av desse er utgrave i samband med bygging av brua. Steinalderstien på</p>	
	Datering	Steinalder, både eldre og yngre
	Tidlegare tilrettelegging	På begge sider av Fosnstraumen, på Radøy og i Austrheim, er det lagt til rette med steinaldersti og ti skilt, fem på Radøy og fem i Austrheim.
	Tidlegare skjøtsel	Det vart opparbeidd kultursti med skilt på begge sider av Fosnstraumen på 1990-talet.
	Andre opplysningar	Tilrettelegginga er i dag av varierande tilstand. Skilta treng utskifting, og stien treng oppgradering på begge sider av Fosnstraumen. "Tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i Hordaland. Rapport til Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne BARK" slår fast at kulturminna ved Fosnstraumen bør oppgraderast frå middels til stort prosjektnivå. Radøy kommune og Austrheim kommune ønskjer å styrke formidlinga av

6 Informasjon om prosjektet

Er føremålet med prosjektet:

Prosjektering

Ny tilrettelegging

Oppgradering / utbetring av eksisterande tilrettelegging

Omfattar prosjektet tiltak for universell utforming?

Ja

Nei

Skildring av eventuelle tiltak for universell utforming

Er det vedteken kulturminneplan for kommunen?

Ja

Nei

Dersom slik plan er under arbeid, når er den planlagt vedtatt? (årstal)

2015/2016

Gjer greie for kor vidt kulturminnet er prioritert av kommunen

Kulturminnene på begge sidene av Fosnstraumen er høgt prioritert av både Radøy kommune og Austrheim kommune. Kommunane ynskjer å vidareutvikle området for å formidle steinalderen som kulturhistorisk periode. Kulturminnene ved Fosnstraumen er prioritet nr. 1 i begge kommunane.

Gjer greie for lokal forankring av prosjektet

I Austrheim kommune er ei satsing på formidling av steinalderen med utgangspunkt i kulturminna ved Fosnstraumen forankra i Austrheim heile livet - Et samfunnsutviklingsprogram og i Strategisk næringsplan med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025. Begge sakene er vedtekne av kommunestyret. I Radøy-kommune er dette forankra i kulturplanen som også er vedteken av kommunestyret.

Gjer greie for tilkomst, parkering, m.m.

I Austrheim er det laga ein liten parkeringsplass i samband med steinalderstien og stien rundt Hopland. Det er også mogleg å parkere nærmere bruva over Fosnstraumen. På Radøy er det parkeringsplass ved kaien på Straume. Både på Radøy og i Austrheim er det ynskje om utbetring av tilkomst og parkering.

Eventuell anna relevant informasjon

Radøy kommune og Austrheim kommune ser føre seg ei trinnvis satsing på formidling av steinalderhistoria ved Fosnstraumen. I første omgang handlar det om å oppgradere det ein allereie har knytt til eksisterande kultursti og å få utarbeidd ein skjøtselsplan som legg rammene for vidare utvikling. Neste steg vert då å få på plass ei ny satsing basert på skjøtselsplanen.

Aktuelle tiltak kan i følgje "Tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i Hordaland. Rapport til Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne BARK"



Det er eit vilkår at den som får tilskot gjennom Bevaringsprogram for Utvalgte Arkeologiske Kulturminner (BARK) gjennomfører arbeidet i samråd med Hordaland fylkeskommune og at arbeidet vert gjort etter dei retningslinjene som vert satt fast av vernemynda.

Retningslinjene går stort sett ut på at arbeidet skal gjerast på ein måte som ikkje kan føra til skade på kulturminne og at formidling og tilrettelegging vert gjort på ein god måte som ikkje går ut over vernet og som gjev fagleg korrekt informasjon.

7 Gjer greie for kontakt / avtalar med fylkeskommunen og eigar

Radøy kommune og Austrheim kommune har i fellesskap hatt fleire møte med Hordaland fylkeskommune om ei styrking av formidlinga knytt til steinalderen og kulturminna ved Fosnstraumen. Det er avtala at fylkeskommunen kan skrive ein skjøtselsplan for området i samarbeid med kommunane og grunneigarane. Radøy kommune har hatt kontakt med grunneigarane pr tlf, og dei er positive til at det vert laga skjøtselsplan for området og ynskjer å medverka i utarbeidinga av planen. I Austrheim er det mange grunneigarar, og ein har vore i kontakt med viktigaste grunneigar, der hovudtyngda av kulturminna er. Grunneigaren er positiv. Når det gjeld dei andre grunneigarane, eksisterer det grunneigaravtalar frå 2009 om steinalderstien/stien til Hoplandskvernane. Avtalen gjeld fram til 2019 med opsjon på nye 10 år.

8 Skildre dei enkelte tiltaka og korleis dei er tenkt gjennomført

Radøy kommune og Austrheim kommune søker om tilskot til å gjennomføre følgjande tiltak:

- * Utarbeiding av ein skjøtselsplan for området på begge sidene av Fosnstraumen. Skjøtselsplanen bør omhandle både vegetasjonsskjøtsel, oppgradering/utviding av kulturstiane, formidling, tilrettelegging for friluftsliv som tek omsyn til kulturminna, parkering/tilkomst og eventuelt andre tema.
- * Produksjon av ti nye skilt (5 i Austrheim og 5 på Radøy). Eksisterande skilt er gamle og slitte. Dessutan er layouten utdatert. Det er difor ynskjeleg å produsere nye skilt med nye foto og illustrasjoner. Teksten må også tilpassast noko. Det er ynskjeleg at dette vert gjort i samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen.
- * Utover til Rappneset på Radøy-sida er det behov for omlegging/utbetring av kulturstien. I same område trengs det vegetasjonsskjøtsel i form av sviing og beiting.
- * Frå Fosenstraumen mot Hoplandskvernene på Austrheim-sida er det behov for utbetring av Steinalderstien og rydding av vegetasjon.
- * Eldsjeler har sett opp ein "steinalderlavvo" kledd i hjorteskinn til bruk knytt til formidling. Lavvoen er open, og kan nyttast av ålmeinta. Denne kan vere ein del av eit aktivitetsområde, og er i tråd med kommunane sine planar og ynskje om betre formidling. Nokre av skinna på denne må skiftast ut.

9 Gjer greie for kven som skal utføra arbeidet og kven som har ansvar for oppfølging / drift / vedlikehald

- * Skjøtselsplanen vert skreve av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med kommunane og grunneigarane. Kommunane tek ein del av det praktiske knytt til organisering av kontakt med grunneigarane osb. Det er ønskjeleg også å koble på eldsjelene Morten Kutchera (flintsmed og eksperimentell arkeolog) og Børje Møster (fridaykkar, akvateknikkar og pedagog).
- * Dei nye skilta vert laga i samarbeid mellom kommunane og Hordaland fylkeskommune. Også her er det ønskjeleg å trekke inn spesielt Morten Kutchera. Det er også ønskjeleg å nytte til dømes Arkikon AS til å lage nye, flotte illustrasjonar til erstattning for gamle svart-kvitt teikningar, samt få tatt nye foto av funn.
- * Gjennomføring av tiltak utover mot Rappneset står Radøy kommune ansvarleg for, men det må skje i samarbeid med grunneigarane.
- * Gjennomføring av tiltak frå Fosenstraumen mot Hoplandskvernene står Austrheim kommune ansvarleg i samarbeid med grunneigarane.
- * Reperasjon av lavvo. Børje Møster er ansvarleg for tiltaket.

10 Kostnadsoverslag og framdriftsplan

Utarbeiding av skjøtselsplan: 90.000.

Produksjon og etablering av nye skilt (10 stk.), inkludert nye illlustrasjonar og foto: 80.000

Vegetasjonstiltak og omlegging/oppgradering av stien til Rappneset og Ramsvikneset: 29.000

Reperasjon steinalder lavvo: 6.000

Oppgradering av sti/vegetasjonstiltak på Austrheimsida: 15.000

Totalt: 220.000

11 Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt dekt gjennom tilskot frå:

BARK-midlar	110.000
eventuelt tilskot frå kommunen	Smil-midlar 10.000
eventuelt tilskot frå andre tilskotsordningar	0
andel av eigne midlar	0
andre midlar / dugnadsarbeid	Eigeninnsats HFK 80.000 Eigeninnsats kommunane 20.000
Sum (kr):	220.000

Stad:

12 Austrheim

Dato:

11.12.2014

Underskrift

Frode Henrik

13 Kommunen sin uttale

Prioritering:

Fosnstraumen har prioritet nr. 1 både i Austrheim kommune og i Radøy kom

Tilskot frå kommunen:

30.000 (Smil-midlar + eigeninnsats)

Fråsegn:

Søknaden er utarbeidd av Radøy kommune og Austrheim kommune, som dermed støttar den, jamfør punkt 6.

14 Kommentar frå fylkeskonservatoren

Søknaden sendast pr. e-post til vårt postmottak: kultur@hfk.no

NBI Søknadsfrist 1. desember